

## Saker til årsmøte i Bygdelaget Havglimt mars 2023

Til styret i bygdelaget Havglimt

Etter vedtektene skal årsmøtet avholdes innan utgangen av mars. Styret v/ leiar ber om at medlemmene fremmer saker som en ønsker tatt opp som vedtaksaker så snart som mogleg.

Vedtektene sin § 2 formål, fortel litt om kva medlemmane kan forvente at styret i laget skal og vil arbeide med i tida framover.

I § 2 formål heiter det:

- *«Jobbe for å knytte bygda sammen i sosiale arrangementer og aktiviteter.*
- *Samle inn penger på ulike aktiviteter som forvaltes til innbyggerenes felles beste.*
- *Bidra med hjelp og midler til fornuftige prosjekter som ivaretar øyas ungdoms interesser».*

I § 6 Styrets plikter pkt. 1 heiter det:

- *«Verne om lagets interesser, forvalte midlene og håndheve vedtektene».*

I § 10 På Årsmøtet skal følgende behandles heiter det i første linje etter pkt. 13:

- *«Årsmøtet skal ha tilsyn med at tidligere avgjørelser er utført i samsvar med forutsetningane.»*

Det er mange pågåande aktivitetar i bygdelaget, og veldig mange gode planar og visjonar for framtida. Like fullt er det viktig at saker som er vedtekne tidlegare, av noverande styre sjølv, eller gjennom tidlegare styreverksemd, vert handtert og / eller avklara.

Innspel til tidlegare, pågåande og nye saker i det følgjande.

### **PÅGÅANDE SAKER:**

Ref. Medlemsmøte 19.10.22 - presentasjon status styrearbeid, pågående aktiviteter.

[https://havglimt.no/wp-content/uploads/2022/10/IMG\\_6617-1030x579.jpg](https://havglimt.no/wp-content/uploads/2022/10/IMG_6617-1030x579.jpg)

- **Stupebrettet på moloa.** Tiltak ein ynskjer gjennomføre for at brukarar skal kunne nytte tilbodet i 2023. Kva kan gjerast?
- **Oppgradering flytebrygga.** Tiltak ein ynskjer å gjennomføre for at anlegget skal bli meir attraktivt for brukar. Kva kan gjerast?
- **Oppgradering leikeplass.** På ekstraordinært årsmøte 3.12 omhandlar sak 3 oppgradering av leikeplassen. Prosjektet «samlingspunkt for barn og unge», lagt fram av forrige styre, vart godt mottatt av laget. Prosjektet må sjåast i samanheng med samarbeidsavtale mellom bygdelaget og kommunen. Avtala må avklarast kva gjeld bygget, og utvidast til og å gjelde uteområdet før årsmøtet kan løyve midlar frå laget si kasse til prosjektet.
- **Vedlikehald av uteområdet.** Dette må sjåast i samanheng med samarbeidsavtale mellom bygdelaget og kommunen. Vil kommunen, som eigar, delta i vedlikehald av uteområdet slik at

ein kan tilsette ein person for klipping av graset gjennom sommaren -23?

- **Samarbeidsavtale av 26.08.1991, og utviding av denne avtalen.** På medlemsmøtet 19.10.22 uttrykker leiar uro kring rettsvern av avtalen som regulerer bruken av skule-/ bygdehuset, mellom Havglimt og kommunen.

Kva nytt kan styret v/ leiar orientere medlemmane om angående dialogen med kommunen om sambruken mellom partane?

Er avtala om bruksrettar avklara, og utviding av denne avtala for uteområdet ferdig handsama, slik at Årsmøtet no kan løyve nødvendige midlar? Eller er tilhøva framleis uavklara mellom partane?

- **Næringsutvikling** (Pkt. planlegging av bygdemøte om næringsutvikling). Næringsutvikling synes ikkje å samsvare med det som er nedfelt i § 2 formål, i bygdelaget sine vedtekter. Er det naturleg å forvente aksept for at frivillige i styret, valgt etter formålet «fest & basar», skal opptre som bedriftsutviklarar i lokalsamfunnet?

Salg av skulen har vore skissert å kanskje skulle inngå som en del av denne utviklinga. I møte «*om utvikling på Reksta/Rognalsvåg/Kinn*», der kommunen deltok 29. august, blei det hevda frå leiar si side at det var planar om å starte et firma. Kva er status og planar vidare her? Kven ser ein føre seg som aktørar i slikt firma? Er dette eit «prosjekt» som samsvarer med bygdelaget sine vedtekter?

## KOMMENDE UTFORDRINGER / INSPILL TIL KOMMUNEN

Ref. Medlemsmøte 19.10.22 - presentasjon status styrearbeid, viktige kommende utfordringer / innspill til kommunen.

[https://havglimt.no/wp-content/uploads/2022/10/IMG\\_6618-1030x579.jpg](https://havglimt.no/wp-content/uploads/2022/10/IMG_6618-1030x579.jpg)

- **Bruk og aktivitet for skolen.** Utleige av leilegheita i skulen, sjå eige punkt under nye saker.
- **Arbeide med å etablere aktivitet innen reiseliv.** Idèdugnad, sjå eige punkt under nye saker

## INNSPEL TIL NYE SAKER:

### 1. Anlegg etablert i regi av bygdelaget – vedlikehald

Ber om at styret handsamar og orienterer årsmøtet om status for anlegga lista nedanfor.

- **Gjestebrygge, del av Rognaldsvåg kai.** Denne er skada og ikkje lenger trygg å nytte. Saka er varsla styret gjennom posting på laget si Facebook side - utan respons. Brygga er eit viktig miljøtiltak på hamna. Kva tiltak skal gjennomførast?
- **Sand lagt ut i Vågafjæra** for å gjere denne til ein attraktiv og sentrumsnær badeplass. Er badeplassen i den stand bygda ynskjer til sesongstart?
- **Venterommet bygdelaget Havglimt har etablert på Rognaldsvåg kai.** Er vedlikehald, lysarmatur og glidedør innanfor det brukaren kan forvente?

- **Gjestecamping på skuleplassen**, med straumkontakter og tilgang dusj/toalett. Er dette eit tilbod brukarane faktisk kan nytte det kommande halvåret? Dusjanlegget må få ny fuktsperre/golvbelegg.
- **Ballbingen krev vedlikehald**. Er banedekket i grei stand, eller bør det gjennomførast tiltak? Korleis er avtalen som omfattar ballbingen mellom grunneigar og Havglimt? Bør noko avklarast?

## 2. Utleige av leilegheita i skulen

- Utleige av leilegheita vil kunne gi et viktig økonomisk bidrag inn til bygdelaget. Brannsikringa må vere i orden – ref pågåande sak «brannsikring av skulen». Tilgang dusj og toalett som for gjestecampingen - nødvendig vedlikehald av dusj må utførast.

## 3. Workaway - bygdelaget blir vertskap

<https://www.workaway.info/>

- Utover dugnadsinnsatsen i laget, kan ein sjå føre seg at bygdelaget i periodar kan trenge ein ekstra innsats i arbeidet med vedlikehald av skulen, og andre anlegg som bygdelaget har ansvar for.

Workaway er et fellesskap for dei som ønsker å dele sine ferdigheiter og erfaringar i byte for et opphald og en smak av livet på nye stader over heile verda.

Kanskje er der workawayere som kan vere interessert i å utføre vedlikehaldsprosjekt for bygdelaget i byte for et opphald i Rognaldsvåg. Husvære i leilegheita i skulen.

#### **4. Etablere aktivitetar innan reiseliv – idèdugnad**

- Arrangere idèdugnad tilsvarande som for Rek i Land. Gjere prioriteringar og sjå på avgrensingar i forhold til bygdelaget sine arbeidsområder.

#### **5. Bygdelaget sine arbeidsområde – avgrensing**

- Bygdelaget Havglimt sitt styre v/ leiar skisserte i medlemsmøtet 19.10.2022 eit omfattande program ein ynskjer gjennomføre. Tek ein høgde for at det i årsmøtet vil vere saker som kjem til, vil det etterkvart være naudsynt å gjere prioriteringar og trekkje opp ei grense for kva som er arbeidsområda til bygdelaget.

Næringsutvikling synes ikkje å høyrer heime i det fora Bygdelaget Havglimt representerer. Kanskje slike prosjekt heller bør vidareførast av dedikerte eldsjeler under ein meir næringsretta paraply?

Medlemmer i styret er venta rullere, og valg skal gjennomførast annakvart år, noko som vil kunne gjere kontinuiteten i denne type arbeid særst utfordrande. Styret bør drøfte dette grundig, og på Årsmøtet, gjere greie for korleis ein ser på bygdelaget si rolle og involvering i næringsutvikling.

#### **6. Tinglysing av samarbeidsavtalen med kommunen av 26.08.1991**

- Styret ordnar med at avtala vert tinglyst.

#### **7. Vedtekter for Bygdelaget Havglimt inn i Brønnøysundregisteret**

- Styret ordnar med at vedtektene for bygdelaget blir lagt inn i Brønnøysundregisteret.